Konkurransegrunnlag

Drift av båtruta Sunnhordlandsruta

SKYSS/26/53

Innhald

1 Innleiing 4

1.1 Om oppdragsgjevar 4
1.2 Føremål og omfang av anskaffinga 4
1.2.1 Anskaffinga sitt føremål, innhald og omfang 4
1.2.2 Kontrakttype 4
1.2.3 Bruk av minstekrav framfor tildelingskriterium 4

2 Administrative føresegner 9

2.1 Anskaffingsprosedyre 9
2.2 Oppbygging av konkurransegrunnlaget 9
2.3 Kontakt 11
2.4 Språk 11
2.5 Framdriftsplan 12
2.6 Retting, supplering og / eller endring av konkurransegrunnlaget 12
2.7 Spørsmål til konkurransegrunnlaget 12
2.8 Leverandørens deltakingskostnader 12

3 Særskilte vilkår 13

3.1 Klimakrav og klimagebyr 13
3.2 Støtte frå Miljødirektoratet (Klimasats) 13
3.3 Energiinfrastruktur og nettoppgradering 13
3.4 Endringsreglar 14
3.5 Løns- og arbeidsvilkår og handlingsreglar knytt til etikk, sosiale forhold og miljø 14
3.6 Forbod mot produktar framstilt heilt eller delvis ved hjelp av tvangsarbeid 14
3.7 Tilsette sine rettar - verksemdoverdraging 15
3.8 Oppfylling av yrkestransportforskriftas vilkår 15
3.9 Dokumentasjon av fartøy og energiinfrastruktur 15
3.10 Bonusmodell og reservasjonsløysing 15
3.11 Garantidokument 15
3.12 Atterhald om kostnadsramme for vinnande tilbod 15

4 Konfidensialitet og offentlegheit 16

4.1 Teieplikt 16
4.2 Offentlegheit 16

5 Krav til førespurnaden - Kvalifikasjonsfasen 16

5.1 Søknadens struktur 16
5.2 Tilbakekalling av søknad 16
5.3 Frist for innlevering av kvalifikasjonssøknad 16
5.4 Leveringsmåte 17

6 Kvalifikasjonskrav 17

6.1 Om ESPD og kvalifikasjonskrav 17
6.1.1 Foreløpig dokumentasjon - ESPD 17
6.1.2 Bruk av den elektroniske ESPD-tenesta 17
6.1.3 Fagleg etikk, korrupsjon/bedrageri mv. 17
6.1.4 Om kvalifikasjonskrava 17
6.2 Kvalifikasjonskrava 18
6.2.1 Obligatoriske krav 18

Leverandør skal ha ordna tilhøve med omsyn til *skatte- og avgiftsmessige forhold* 18
6.2.2 Krav til organisatorisk og juridisk stilling 18
6.2.3 Krav til økonomisk og finansiell stilling 19
6.2.4 Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar 19
6.3 Ved støtte frå andre verksemder 20
6.3.1 Utfylling av ESPD ved bruk av støttande verksemd for oppfylling av kvalifikasjonskrav 21
6.3.2 Støttande verksemd si utfylling av ESPD 21
7 Vurdering av leverandørens kvalifikasjonar 22
7.1 Gjennomføring av kvalifiseringa 22
7.2 Melding om val av kvalifiserte leverandørar 22
7.3 Avvising 22
7.3.1 Nasjonale avvisningsgrunnar 22
7.3.2 Sanksjonsforskrifta 23
7.3.3 Handel som bidreg til å oppretthalde dei folkerettsstridige israelske bosetningene 23
7.4 Frist for begjæring av midlertidig forføyning 24
8 Krav til tilbodet 24
8.1 Tilbodsstruktur 24
8.2 Vedståingsfrist 24
8.3 Alternative tilbod 24
8.4 Språk 24
8.5 Tilbodslevering 24
8.6 Tilbakekalling av tilbod 25
8.7 Atterhald og endringar 25
8.8 Avvising 25
9 Tildelingskriterium og evaluering 26
9.1 Tildelingskriterium 26
9.2 Utfylling av Prisskjema 26
9.3 Forhandlingar 26
10 Avslutning av konkurransen 26
10.1 Avlysing av konkurransen 26
10.2 Melding om val av leverandør og karensperiode 26
10.3 Før kontraktssignering 27

1 INNLEIING

1.1 Om oppdragsgjevar

Skyss er Vestland fylkeskommune si administrasjonseining som planlegg, kjøper og marknadsfører dei kollektivtransporttenester som Vestland fylkeskommune har ansvar for.

Skyss tildeler kontraktar for køyring av buss, bybane, båt og ferjer i Vestland til trafikkselskap etter konkurransar. I tillegg er Skyss sine oppgåver ruteplanlegging, utvikling av billettsystem, informasjon og marknadsføring av kollektivtilbodet.

1.2 Føremål og omfang av anskaffinga

1.2.1 *Anskaffinga sitt føremål, innhald og omfang*

Føremålet med anskaffinga er å få på plass båtoperatør for drift av Sunnhordlandsruta. For meir informasjon om krav til gjennomføring av kontrakten, sjå Kontraktsdokumentet for krav til leveransen i kap. 2, krav til fartøya i kap. 3, krav til ruteproduksjonen i kap. 4 og klimakrav i kap. 5.

Oppdragsgjevar vil inngå ein kontrakt for drift av båtruta.

Kontrakten vil gjelde frå tidspunkt for signering til og med 1. desember 2045, jf Kontraktens punkt 1.1.5. Driftsoppstart skal vere 02. desember 2030.

Estimat utan omsyn til støtte frå Klimasats:
Skyss estimerar årleg kontraktssum til om lag 180-221 MNOK og estimerte eingongskostnader knytt til energiinfrastruktur, nettoppgradering og kaiutbetring til 83-114 MNOK. Dette tilsvarar 2785-3433 MNOK totalt for heile kontraktens varigheit. Annualisert utgjer dette 186-229 MNOK per år. Støtte frå Klimasats som Oppdragsgjevar mottek er ikkje omsyntatt i desse tala. Estimata omfatter heller ikke kontraktens endringsrettar og opsjoner, til dømes oppdragsgjevars rett til å auke ruteproduksjonen, adgang til å krevje innsetting av større og/eller ekstra fartøy endringsrettar, rett til å auke klimakravet etc. Kostnadsestimata er oppgjeve tredje kvartal 2025-kroner.

Estimat fråtrukken støtte frå Klimasats:
Estimert kontraktsverdi inkludert engongskostnader og fråtrukken støtte frå Klimasats er estimert til om lag 170-214 MNOK per år, dvs 2 554-3 220 MNOK for heile kontraktsperioden. Kostnadsestimata er oppgjeve tredje kvartal 2025-kroner.

1.2.2 *Kontrakttype*

Kontrakten vil vere ein bruttokontrakt, der oppdragsgjevar har marknadsførings- og inntektsansvaret, og oppdragsgjevar betaler eit avtalt beløp til operatør for drift av sambandet.

Kontrakten inneheld ein bonusmodell som legg ansvaret for marknadsføring mot reiselivet på operatør og gir operatør bonus ved høgare billettinntektar.

1.2.3 *Bruk av minstekrav framfor tildelingskriterium*

Skyss sitt samfunnsoppdrag er å sikre at alle innbyggjarar i Vestland fylke har tilgang til eit trygt, effektivt og framtidsretta kollektivtilbod. For å realisere denne visjonen er det avgjerande å tilby eit attraktivt, stabilt og konkurransedyktig rutetilbod.

Gjennomføringa av dette samfunnsoppdraget må skje i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Anskaffingslova § 5b stiller krav om at oppdragsgjevar skal ta omsyn til klima og miljø i anskaffingar og opnar for at oppdragsgjevar kan bruke klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen i staden for, eller i kombinasjon med, tildelingskriterium dersom dette gir ein betre klima- eller miljøeffekt. Ved bruk av krav skal dette grunngjevast i anskaffingsdokumenta.

I lys av anskaffingslova § 5b har Skyss gjort vurderingar av kva som vil gje best klima- og miljøeffekt for denne ruta - å nytte eit tildelingskriterium til klima- og miljø vekta med 30%, eller minimumskrav til klima- og miljø i kravspesifikasjonen. Skyss har konkludert med at minstekrav om minimum 20% utsleppskutt frå drift av ruta vil gi best klimaeffekt, jf. § 5b(2).

Kontraktskrav knytt til CO2-utslepp

Den største klima- og miljøpåverknaden frå denne tenestekontrakten vil vere klimagassutslepp frå fartøya. Det vert difor vurdert som mest relevant å fokusere på CO2-utsleppet frå drift av ruta.

Skal ein oppnå lågare CO2-utslepp frå drifta enn dagens dieselfartøy har, må ein ta i bruk anna framdriftsteknologi og eventuelt anna skrogteknologi enn konvensjonelle dieselfartøy.

Driftsstabilitet frå første dag er eit sentralt krav frå Skyss. Dei reisande er avhengige av eit føreseieleg og robust rutetilbod, og det er ikkje akseptabelt å bruke driftsperioden til å teste teknologi som ikkje er tilstrekkeleg moden. Teknologi- og fartøyløysingane må derfor vere prisbare på tilbodstidspunktet, kunne gjennomføre drift av ruta i samsvar med rutetabellane og sikre dei reisande eit robust, trygt og føreseieleg rutetilbod. Løysingane må med andre ord vere marknadsmodne, kjende og utprøvde.

Skyss har vurdert og diskutert aktuell teknologi med marknaden i fleire omgangar. Alle aktørane meiner at batterielektrisk drift er tilgjengeleg og mogleg å gi pristilbod på, og for operatørselskapa er elektrisk drift det føretrekte alternativet for denne ruta, gitt den fartsprofilen ruta krev. Operatørmarknaden er samstemt om at tradisjonell batterielektrisk drift er marknadsmoden og utprøvd, og dermed relevant for ruta. Delar av marknaden vurderer òg batteribyttesystem som relevant. Til samanlikning er det større skepsis blant operatørar og verft til andre nullutsleppsteknologiar, som hydrogen, ammoniakk og e-metanol. Årsaka er at desse teknologiane ikkje er utprøvde på ruter og fartøy med tilsvarande fart, storleik, driftsprofil og effektbehov som Sunnhordlandsruta.

På bakgrunn av dette har Skyss stilt krav om at leverandøren berre skal nytte teknologi som er marknadsmoden og utprøvd, herunder batterielektriske løysingar i kombinasjon med diesel, jf. Kontrakten punkt 5.1. Kravet er nødvendig for å sikre regularitet og tryggleik. Det er forholdsmessig fordi det ikkje stengjer ute operatørar eller avgrensar konkurransen.

Med båtrutas rutetabell og tilgjengeleg liggjetid ved kai er det ikkje mogleg å drifte ruta fullelektrisk med tilstrekkeleg moden teknologi. Skyss har difor lagt hybridelektriske løysingar til grunn i vurderingane sine, med energioverføring frå kai til batteri om bord. Slike løysingar krev overføring av energi frå land til fartøy, dvs tilstrekkeleg liggjetid ved kai for lading.

Bruk av eit tildelingskriterium knytt til CO2-utslepp vekta med 30 prosent, kombinert med eit krav om å opprethalde dagens rutetilbod, vil neppe gje utsleppskutt frå drifta. Dette skuldast fleire forhold:

- For det første gir dagens rutetabell lite rom for ladetid ved kai, og dermed lite rom for utsleppskutt
- For det andre er det ein reell risiko for at vinnande tilbydar ikkje vil kunne ha på plass naudsynte netteffektar til lading på kai innan driftsoppstart. Operatørselskapa ber om at tida mellom tilbodsinnlevering i konkurransen og driftsoppstart ikkje overstig 3 år, medan nettselskapa melder om at netteffektar nokon stader må vere bestilt meir enn 3 år før driftsoppstart. Det vil difor truleg vere svært utfordrande for ein tilbydar å tilby elektrisk drift frå driftsoppstart.
- For det tredje vil ei elektrifisering krevje store investeringar i både nettoppgradering, fartøy og ladeinfrastruktur. Ettersom dagens rutetabell gir lite rom for utsleppskutt som følgje av lite liggjetid, vil tiltakskostnaden for utsleppskuttet vere høg. Med 30 prosent vekting av utsleppskutt og 70 prosent vekting av pris, vil tilbod utan løysingar for utsleppskutt med stort sannsyn vinne frem. Berekningar av pris- og klimaeffekt viser at ein tilbydar må oppnå minimum 20-30 % utsleppsreduksjon dersom eit hybridelektrisk tilbod skal vinne fram mot eit billigare dieselalternativ.

FORKLARING
Manuell input

Tilbud

Tilbyder	A	B	Diff.	Økning
Tilbudt pris	kr 188 700 000	kr 170 000 000	kr 18 700 000	11 %
Utslippskutt	23 %	0 %		

Antatt vekting	
Pris	70 %
Miljø	30 %

Poeng

Prispoeng	90	100	
Miljøpoeng	23	0	vektet etter modell for merkost

Beregnet totalscore (høyeste tall vinner)

Pris	63,1	70,0
Miljø	6,9	0,0
SUM	**70,0**	**70,0**

Dette er ikkje mogeleg med dagens rutetabell.

For å kunne oppnå betre klimaeffektar enn kva ei vekting av klimautslepp på 30 prosent med dagens rutetabell vil gje, har Skyss iverksatt ein kombinasjon av fleire verkemiddel og tiltak:

1. *Klimasats*

Skyss har søkt Klimasats om finansiell støtte til klimatiltak innanfor desse ramane og vart hausten 2025 innvilga 213 MNOK til utsleppsreduserande tiltak for ruta.

2. *Rutetabellen*

For at Skyss skal kunne oppfylle si samfunnsoppgåve og tilby dei reisande eit attraktivt rutetilbod, må rutetilbodet dekkje deira reisebehov og gje effektive reiser. Lange opphald ved kai for å sikre lading av fartøy vil difor ikkje vere mogeleg.

For å likevel tilretteleggje best mogeleg for kutt i CO2-utsleppet frå rutedrifta har Skyss lagt ned mykje arbeid i å tilpasse rutetilbodet til delelektrisk drift. Skyss sine berekningar tilseier at endringane i rutetilbodet gir nok ladetid for om lag 20 prosent utsleppskutt. Sjå Vedlegg E Dokumentasjon ladetid og energi som viser estimert utsleppskutt basert på berekna energiforbruk per fartøy/hovudstrekning i ruta, estimert batteristorleik per fartøy, og mogeleg energioverføring basert på liggetid og netteffekt frå kai. Berekningane viser at det som følgje av energibehov og liggjetid ved kai vil vere mogeleg å delelektrifisere fartøya som skal drifte hovudstrekningane Skånevik/Ølen-Leirvik og Leirvik-Sunde-Ranavik. Strekninga Leirvik-Bergen vil det ikkje vere rom for elektrifisere med kjend og utprøvd teknologi innanfor rutetabellen.

3. *Nettoppgradering og areal*

Skyss har vurdert behov for nettkapasitet basert på tilpassa rutetabell og estimert energibehov. For å vere sikker på at nettkapasiteten skal vere tilgjengeleg innan driftsoppstart, er det bestilt nettoppgradering på dei tre kaiane som Skyss har vurdert som eigna for lading og sikra tilgong på kaiareal for plassering av ladeinfrastruktur.

4. *Driftsstabilitet*

Av omsyn til dei reisande er det naudsynt med robuste og trygge teknologiløysar som gjer at fartøya kan oppretthalde drifta også i tilfeller der lading av fartøya uteblir. Operatørmarknaden har formidla at dette vil vere svært utfordrande i kombinasjon med eit minstekrav på minimum 20 prosent utsleppskutt. Skyss har difor redusert kravet til at hybridelektriske fartøy skal kunne gjennomføre ein rundtur med ordinær fart og deretter gjennomføre drifta med lågare fart inntil reservefartøy er på plass.

5. *Kontraktskrav*

Som nemnd over må eit tilbod med utsleppsreduserande tiltak oppnå minimum 20-30 prosent utsleppskutt dersom det skal vinne fram i ein konkurranse mot eit billigare dieselalternativ.

Skyss sine berekningar tilseier at den justerte rutetabellen gir rom for om lag 20 prosent utsleppskutt totalt for ruta. Det betyr at det ikkje er sikkert at eit utsleppsreduserande tilbod med 20 prosent utsleppskutt vil kunne vinne fram i ein konkurranse med klima som tildelingskriterium med 30 prosent vekt.

Ettersom Skyss bestiller nettoppgradering på dei tre kaiane før konkurransetildeling og dermed allereie har forplikta seg til store investeringskostnader, er det uheldig og lite samfunnsøkonomisk om ein ikkje oppnår utsleppskutt frå drifta i denne kontrakten. Eit kontraktskrav som krev bruk av nettkapasiteten frå kai og utsleppskrav tilsvarande 20 prosent utsleppskutt vil sikre samsfunnsnytte at investeringane og garantere for utsleppsreduksjon frå drifta.

Skyss sine ovannemnde tiltak og verkemiddel – justert rutetabell, nettoppgradering og minstekrav om 20 prosent utsleppskutt – vil altså gi betre klimaeffekt enn kva ei vekting av klimautslepp med 30 prosent vekt vil gje.

Som nemnd er god driftsstabilitet på ruta eit svært sentralt krav frå Skyss. Det vert difor stilt strenge krav til testing og verifisering av vald konsept før driftsoppstart. I tillegg vert det stilt krav om at operatørs løysingar skal vere robuste slik at fartøya kan drifte ruta ved ulike vertilhøve. Skyss sine berekningar tilseier at den justerte rutetabellen vil opne for nok ladetid for 20 prosent utsleppskutt. Alt over dette nivået krev ladetid som tabellen ikkje har rom for, eller løysingar som inneber at tilbydarane tek risiko som kan gå utover drifta. Bruk av verkemiddel for å oppnå høgare utsleppskutt og vinne konkurransen kan med andre ord presse tilbydarane til teknologiske løysingar utanfor kva som er driftsmessig forsvarleg, til dømes ved å planleggje for urealistisk mykje energioverføring per ladepunkt, redusere reservekapasiteten som er naudsynt ved dårleg ver etc. Dette kan gå ut over regularitet og tryggleik for dei reisande. Sjølv om Skyss stiller krav til testing og verifisering av løysingane før driftsoppstart, vil ikkje desse krava hindre at tilbydarar optimaliserer løysinga si mot eit evalueringskriterium på ein måte som reduserer margina i drifta. Bruk av eit tildelingskriterium i tillegg til eit minstekrav vert difor ikkje vurdert som driftsmessig forsvarleg.

Oppsummert og utslepp som kontraktskrav:

Ved å

- tilpasse rutetabellen,
- sikre netteffektar og
- definere eit kontraktskrav knytt til utsleppskutt

vil Skyss kunne

- garantere for eit minimum utsleppskutt frå rutedrifta tilsvarande 20 prosent
- sikre driftsløysingar som gir ein føreseieleg og trygg drift av ruta

<u>Øvrige kontraktskrav i tillegg til krav knytt til CO2-utslepp</u>

Operatøren skal rapportere utsleppsdata gjennom kontraktsperioden, og manglande oppfylling av kravet vil bli sanksjonert gjennom gebyr. Straumen som skal nyttast skal vere fornybar og det vert stilt krav om opphavsgaranti.

Skyss har vidare vurdert livssykklusperspektivet. Det vert ikkje stilt krav om nybygg, og kontrakten vert tildelt på grunnlag av lågaste evalueringssum. Dette legg til rette for bruk av eksisterande fartøy der dette er føremålstenleg, og kan bidra til å forlenge fartøya si levetid og redusere klima- og miljøbelastninga knytt til bygging av nye fartøy og bruk av nye materialar.

Kontrakten inneheld også livssykluskrav knytt til batterisystem gjennom krav om plan for gjenbruk eller materialgjenvinning av batteri ved endt levetid og krav om livssyklusanalyse av batteria etter ISO 14040 og ISO 14044. Krava er utforma for å redusere miljøbelastninga gjennom batteria si levetid og fremje sirkulær ressursbruk. Operatør skal dokumentere faktisk handtering av batteri som vert tekne ut av drift i kontraktsperioden.

Operatør skal også innan utløpet av det første driftsåret vere miljøsertifisert gjennom ei av dei offisielle ordningane for miljøsertifisering (Miljøfyrtårn, ISO-14001, EMAS, eller liknande). Operatør skal årleg dokumentere prestasjon knytt til sertifiseringa.

<u>Oppsummering</u>

Samla vurderer Skyss at krav til utsleppskutt, krav til bruk av fornybar straum, oppfølging av kravet med sanksjonar, livssykluskrav til batteri, insentiv til bruk av brukte fartøy, og krav til miljøsertifisering gir betre klima- og miljøeffekt enn bruk av tildelingskriterium for klima og miljø i denne anskaffinga.

2 ADMINISTRATIVE FØRESEGNER

2.1 Anskaffingsprosedyre

Denne anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juli 2016 nr. 73 (anskaffingslova) og forskrift om offentlige anskaffelser av 12. august 2016 nr. 974 (anskaffingsforskrifta).

Anskaffinga vert gjennomført som ein konkurranse med forhandling etter forutgåande kunngjering. Oppdragsgjevar **atterheld** seg i denne konkurransen retten til likevel å tildele kontrakten **utan** å gjennomføre forhandlingar dersom oppdragsgjevar finn at behovet for å forhandle etter evaluering av tilboda ikkje er til stades.

Prosedyren gjev alle interesserte leverandørar moglegheit til å levere førespurnad om å delta i konkurransen. Berre dei leverandørane som oppfyller kvalifikasjonskrava, kan gje tilbod.

Oppdragsgjevar kan velje å gjennomføre forhandlingar i fleire fasar der ein reduserer tal tilbod mellom kvar av fasane. Første reduksjon kan skje i forkant av forhandlingane. Slik reduksjon vil eventuelt skje på grunnlag av tildelingskriteria, jf. anskaffingsforskrifta § 23-11.

2.2 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av dette dokumentet (prosedyrereglar) og dokumenta i tabellen under.

Prosedyreskildringa punkt 5 – 7 omhandlar kvalifikasjonsfasen, medan punkt 8 – 10 omhandlar tilbodsfasen.

Konkurransegrunnlaget
Prosedyreskildring - DETTE DOKUMENTET
Kvalifikasjonsdokumentasjon *(Dokument som utgjer søknad om deltaking i konkurransen.)*
KVALIFIKASJONSSØKNAD mal
Vedlegg A Orientering om vurderinga av finansiell stilling
Vedlegg B Eigenerklæring teieplikt
Vedlegg C Villigheitserklæring
Vedlegg D Referansemal utført oppdrag
Vedlegg E Dokumentasjon ladetid og energi
Tilbodsdokumentasjon *(Dokument som skal leverast etter at søknad om deltaking er handsama og leverandør har mottatt invitasjon om å levere tilbod. Desse dokumenta vil utgjere tilbodet.)*
TILBODSBREV KONKURRANSE mal

Tilbodsbrev Bilag A: Prisskjema
Tilbodsbrev Bilag B: Eigenerklæring teieplikt
Tilbodsbrev Bilag C: Eigenerklæring om avvik og atterhald
Tilbodsbrev Bilag D: Informasjon kaiombygging
Tilbodsbrev Bilag E: Informasjon om fartøy
Tilbodsbrev Bilag F: Førebels framdriftsplan
Kontraktsdokument
Kapittel 1 Kontraktsvilkår • Vedlegg 1A Datahandsamaravtale • Vedlegg 1B-1 Handlingsregler om varetaking av grunnleggjande menneskerettar, etikk og miljø • Vedlegg 1B-2 Krav til løns- og arbeidsvilkår • Vedlegg 1B -3 Retningslinjer for verksemder i transportsektoren • Vedlegg 1C-1, 1C-2 og 1C-3 Påkravsgaranti
Kapittel 2 Leveransekrav • Vedlegg 2A Reisevilkår • Vedlegg 2B Billettpriser • Vedlegg 2C Statistikk VERT SUPPLERT • Vedlegg 2D HMT-rapport • Vedlegg 2E Sanntid • Vedlegg 2F DIS • Vedlegg 2G Rapporteringsmal • Vedlegg 2H Reglement for prisar og rabattordningar
Kapittel 3 Fartøykrav
Kapittel 4 Ruteproduksjon • Vedlegg 4A Rutetabellar (Kunde) • Vedlegg 4B Rutetabellar (Operatør)
Kapittel 5 Krav til utsleppskutt, klimabonus og klimasanksjon • Vedlegg 5A Klimagebyr
Kapittel 6 Kaier • Vedlegg 6A Informasjon om kaiene • Vedlegg 6B Informasjon om planmessig tilhøve og tilgjengeleg areal • Vedlegg 6C Krav til bygg • Vedlegg 6D Føresetnader og vilkår knytt til nettoppgradering
Kapittel 7 Godtgjering • Vedlegg 7A Prisskjema (*utfylt Bilag A Prisskjema*)
Kapittel 8 Samspel mellom partane og oppstartsførebuingar • Vedlegg 8A Mal framdriftsplan
Kapittel 9 Bonus knytt til turisme • Vedlegg 9A Bonusmodell
Avklaringar (svar på innkomne spørsmål)
Referat frå eventuelle forhandlingar
Tilbydar sitt endelege tilbod

2.3 Kontakt

Førespurnader og spørsmål som gjeld denne anskaffinga skal skje skriftleg i leverandørportalen TendSign. Leverandør får tilgang til spørsmål og svar-funksjonen i TendSign ved å opprette gratis leverandørkonto på:

https://tendsign.no/doc.aspx?UniqueId=afrciweqap&GoTo=Docs

Vi gjer merksam på at det må opprettast individuell brukar for den einskilde som skal kunne laste ned tilbod, bli oppdatert med spørsmål og svar osv.

Kontaktperson:	Åshild Sandøy
Epost:	ashild.fossgard.sandoy@skyss.no

2.4 Språk

All skriftleg og munnleg kommunikasjon i samband med denne konkurransen skal gå føre seg på norsk. Språkkravet gjeld også sjølve tilbodet med unntak av eventuelle tekniske vedlegg.

2.5 Framdriftsplan

Anskaffinga er planlagt gjennomført i samsvar med følgjande framdriftsplan. Alle tidspunkt etter fristen for å levere førespurnad om å delta er tentative.

Aktivitet	Tidspunkt
Kvalifiseringsfasen	
Kunngjering av konkurransen på Doffin/TED	13.11.2026
Frist for spørsmål til kvalifiseringa	07.01.2027
Ferieavvikling	Veke 53
Frist for innlevering av søknad om å delta i konkurransen	**20.01.2027**
Invitasjon frå Skyss til kvalifiserte leverandørar	Veke 7
Tilbodsfase	
Frist for å stille spørsmål om konkuransegrunnlaget	18.08.2027
Frist for innlevering av tilbod	**06. september 2027 kl. 12:00**
Evt utsending av invitasjon til forhandlinger	Veke 38
Evt forhandlingar	Veke 39-43
Forventa tildeling	Veke 44/45
Forventa kontraktsignering	Veke 47
Vedståelsesfrist	14.01.2028

2.6 Retting, supplering og / eller endring av konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevar atterhald seg retten til å kunne foreta rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Etter at dei kvalifiserte leverandørane har mottatt invitasjon til å levere tilbod, er det berre desse leverandørane som vil ta i mot rettingar, supplering og/eller endringar knytt til konkurransegrunnlaget. Rettingar, suppleringar og/eller endringar i konkurransegrunnlaget vil bli publisert i leverandørportalen.

2.7 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Eventuelle spørsmål leverandørane måtte ha til konkurransegrunnlaget må stillast innan fristane oppgitt i pkt. 2.5.

Spørsmål skal stillast i TendSign (sjå pkt. 2.3). Alle spørsmål vil bli svart ut i anonymisert eller omarbeida form og sendt ut/gjort tilgjengeleg for alle fortløpande. Oppdragsgjevar vil berre svare på spørsmål frå tilbydarane gjennom TendSign.

2.8 Leverandørens deltakingskostnader

Kostnader som leverandøren pådreg seg i samband med utarbeiding, innlevering, eller oppfølging av førespurnad om å delta, tilbodet eller anskaffingsprosessen elles, vil ikkje bli

refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikte oppdragsgjevar til å inngå kontrakt med leverandøren, eller involvere oppdragsgjevaren i økonomiske plikter, se også punkt 11 nedanfor om avslutning av konkurransen.

3 SÆRSKILTE VILKÅR

3.1 Klimakrav og klimagebyr

Kontrakten inneheld krav om bruk av nullutsleppsteknologi for å oppnå reduserte utslepp frå drift av ruta. Krav til energilager og klimakrav er skildra i Kontrakten kapittel 5.

Det vil bli ilagt klimagebyr dersom klimakravet ikkje vert oppfylt. Sjå Kontrakten kapittel 5 og 7 for meir informasjon.

Oppdragsgjevar har i dette dokumentet punkt 1.2.3 delt si grunngjeving for val av klimakrav framfor tildelingskriterium. I grunngjevinga vert det vist til Vedlegg E Dokumentasjon ladetid og energi. Vedrørande Vedlegg E til kvalifikasjonssøknaden: Estimata i dette dokumentet er utarbeidde av Oppdragsgjevar som ein del av grunngivinga for kvifor eit klimakrav gir betre klimaeffekt enn eit tildelingskriterium, jf. anskaffingslova § 5b. Estimata er ikkje føresetnader for kontrakten, og gir ingen føringar for utforminga av tilbydar sitt fartøy- og energikonsept. Tilbydar skal sjølv vurdere og dokumentere alle tilhøve som er relevante for konseptet, mellom anna energibehov, ladeeffekt og batteristorleik. Tilbydar har det fulle ansvaret for at vald konsept oppfyller krava i kontrakten. Bruk av eller avhengnad av Oppdragsgjevar sine estimat fråskriv ikkje tilbydar dette ansvaret, og kan ikkje gi grunnlag for krav mot Oppdragsgjevar.

3.2 Støtte frå Miljødirektoratet (Klimasats)

Oppdragsgjevar har motteke tilsagn om støtte frå Miljødirektoratet for tiltak knytt til kutt i klimagassutslepp frå drift av ruta. Støtta vert utbetalt til Oppdragsgjevar og vil dekke følgjande kostnader i prioritert rekkefølgje:Oppdragsgjevars faktiske nettoppgraderingskostnader, Operatørs energiinfrastrukturkostnader og Operatørs kostnader knytt til støtteberettigede kostnader på fartøy.

Sjå Kontrakten punkt 7.14 for informasjon om korleis Oppdragsgjevar vil nytte støtta og kva dette betyr for utbetaling av vederlag til operatør. Sjå Kontrakten punkt 5.3.3 for informasjon om dokumentasjonskrav som følgje av Oppdragsgjevars innvilga støtte.

3.3 Energiinfrastruktur og nettoppgradering

Operatør sine kostnader knytt til kjøp og etablering av energiinfrastruktur på kaiar definert av Oppdragsgjevar skal framgå av prisskjema. Oppdragsgjevar har rett til å overta eigedomsretten til energiinfrastruktur knytt til energiforsyning etter driftsoppstart. Operatør har ansvar for drift og vedlikehald for energiinfrastrukturen. Sjå Kontrakten kapittel 6 for meir informasjon.

Vederlag for energiinfrastruktur vert utbetalt som ein eingongskostnad. Sjå meir informasjon i Kontrakten kap 7.

Oppdragsgjevar har ansvar og kostnadsrisiko for nettoppgraderingskostnaden. Sjå Kontrakten punkt 7.1.4 for informasjon omkorleis avvik mellom Oppdragsgjevars faktiske nettoppgraderingskostnad og estimerte nettoppgrdaeringskostnad oppgitt i prisskjema vil påvirke vederlaget til Operatør.

3.4 Endringsreglar

Oppdragsgjevar har rett til å gjennomføre endringar i Ruteproduksjonen, samt andre typar endringar i løpet av kontraktsperioden. Sjå Kontrakten kapittel 1 for meir informasjon.

Reglane knytt til endringar er noko annleis enn kva Skyss har nytta i tidlegare kontraktar. Målsetnaden med endringane er å sikre betre balanse mellom partane og tydeleggjere ansvarsfordelinga. Vi gjer særleg merksam på ny ordlyd knytt til vederlagsjustering ved Ruteproduksjon (punkt 1.12.2). Føremålet med endringa i ordlyden er å sikre oppdragsgjevars endringsfleksibilitet og operatørs tryggleik for at dei ikkje lir tap – nettopp ved at operatør skal få dekning for sine dokumenterte, faktiske og relevante meir- eller mindrekostnader. Ved å eksplisitt skjerme operatørs innkalkulerte forteneste, vil varige produksjonsendringar i utgangspunktet sikre at operatør ikkje lir tap. Skyss føreset difor at operatørs innkalkulerte forteneste som inngår i operatørs tilbod ved kontraktsinngåing, verken skal aukast eller reduserast som følgje av endringar i ruteproduksjonen. Vederlagsjusteringa skal difor ikkje i seg sjølv utgjere ein eigen justeringspost for operatørs forteneste, men meir- eller mindrekostnadane skal fastsetjast slik at operatørs kalkulerte forteneste vert halde uendra.

3.5 Løns- og arbeidsvilkår og handlingsreglar knytt til etikk, sosiale forhold og miljø

Denne konkurransen gjeld tenester som er omfatta av forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

I tillegg stiller Oppdragsgjevar krav om at vinnande operatør og operatørs underleverandørar oppfyller Oppdragsgjevars sine handlingsreglar om varetaking av grunnleggjande menneskerettar, etikk og miljø. Sjå Kontrakten kap 1 og Kontraktens Vedlegg 1B-1, Vedlegg 1B-2 og Vedlegg 1B-3.

I tillegg stiller oppdragsgjevar krav om at leverandør og evt underleverandører respekterer grunnleggjande krav til menneskerettar, arbeidstakarrettar og miljø.

3.6 Forbod mot produktar framstilt heilt eller delvis ved hjelp av tvangsarbeid

Tvangsarbeidforordninga er vedteke i EU og inneber at det vil vere forbode å omsette, importere og eksportere varer, som er framstilt gjennom tvangsarbeid, på EUs indre marknad. Regjeringa i Noreg har beslutta å innføre handelsforbodet seinast innan 14. desember 2027: Innfører handelsforbud mot produkter fremstilt ved tvangsarbeid - regjeringen.no

Oppdragsgjevar stiller krav om at operatør skal oppfylle dei krav og reglar som vert vedteke og innført i Noreg.

3.7 Tilsette sine rettar - verksemdoverdraging

Arbeidsmiljøloven §§ 16-2 til 16-7 om arbeidstakar sine rettar ved verksemdoverdraging gjeld for denne konkurransen. Reglar om dette er tatt inn i yrkestransportlova § 8.

Til informasjon er ikkje Oppdragsgjevar part i forholdet mellom eksisterande og ny Operatør og deira tilsette. Oppdragsgjevar har innhenta opplysningar om tilsette hos eksisterande operatør som vert oppgitt å vere knytt til dei aktuelle rutene, jfr. Yrkestransportloven § 8 tredje ledd. Liste over tilsette omfatta av verksemdsoverdraging vert delt med leverandørar som vert kvalifisert og invitert til å delta i konkurransen.

Oppdragsgjevar har ikkje ansvar for at denne oversikta er fullstendig og korrekt. Oppdragsgjevar har berre vidareformidla informasjon som noverande operatør har opplyst om, og informasjonen er ikkje en del av kontrakten som vil bli inngått mellom Oppdragsgjevar og den operatør som vert tildelt kontrakt.

3.8 Oppfylling av yrkestransportforskriftas vilkår

Oppdragsgjevar stiller krav om at leverandør må oppfylle naudsynte krav i yrkestransportforskrifta for å få utstedt ruteløyve for drift av sambandet.

3.9 Dokumentasjon av fartøy og energiinfrastruktur

Operatør skal etter signering av kontrakt oversende informasjon om kva eigenskaper fartøya skal ha for å kunne oppfylle krava i Kontrakten. Sjå krav til slik informasjon i Kontraktens punkt 8.2.6.3 og 8.2.6.4.

Operatør skal innan definerte fristar oversende dokumentasjon frå testing av fartøy og energiinfrastruktur. Sjå Kontrakten punkt 8.2.6.5 og 8.2.6.6 for krav til dokumentasjon, gebyr ved forseinka eller manglande testdokumentasjon og krav til innsetting av midlertidig erstatningsfartøy dersom naudsynte yteevner for fartøy ikkje er tilstrekkeleg oppfylt eller dokumentert.

3.10 Bonusmodell og reservasjonsløysing

Kontrakten inneheld ei bonusløysing som premierer operatør ved auke i årlege billettinntektar. Sjå Kontrakten kap 9.

Oppdragsgjevar vil innan driftsoppstart ha på plass ei reservasjonsløysing som gjer det mogeleg for dei reisande å reservere plass om bord på fartøya. Sjå Kontrakten punkt 2.9.3. Oppdragsgjevar vil i løpet av 2027 arbeide vidare med kva funksjonar dette systemet skal ha. Dersom tilbydar ser at det er informasjon/avklaringar knytt til dette framtidige systemet som vil vere særleg relevant for utforminga av tilboda i konkurransen, ber Oppdragsgjevar om at tilbydarane melder inn desse avklaringsbehova innan 15. desember 2026.

3.11 Garantidokument

Oppdragsgjevar stiller krav om at vinnande tilbydar må levere pågravsgaranti i seinast innan 30 dagar etter Kontraktsignering. Sjå Kontrakten punkt 1.5.

3.12 Atterhald om kostnadsramme for vinnande tilbod

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avlyse konkurransen dersom vinnande tilbod overstig øvre del av Oppdragsgjevars indekserte kostnadsestimat med 15 prosent. Relevant estimat er Oppdragsgivars kostnadsestimat fråtrukken støtte frå Klimasats (3220 MNOK i Q3 2025-kroner), prisjustert til Q1 2027-kroner.

4 KONFIDENSIALITET OG OFFENTLEGHEIT

4.1 Teieplikt

Informasjon som partane blir kjent med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal handsamast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre part. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningslova, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, samt offentleglova, sjå pkt. 4.2 nedanfor.

4.2 Offentlegheit

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23. Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokon unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller i samsvar med lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13.

Tilbydarane skal i **Bilag B** gje ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er unntatt innsyn, samt signere eigenerklæring på at oppdragsgjevaren er fritatt frå teieplikt om opplysningar som ikkje er særskilt identifisert som teiepliktige i tilbydaren sin opplisting.

Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren uavhengig av dette vurdere om opplysningane er av ein slik art at oppdragsgjevaren plikter å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29. Oppdragsgjevar er pålagt å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

5 KRAV TIL FØRESPURNADEN - KVALIFIKASJONSFASEN

Alle interesserte leverandørar må oppfylle dei fastseatte kvalifikasjonskrava for denne konkurransen. Dei leverandørane som vert kvalifisert vil deretter bli invitert til å levere inn tilbod i konkurransen.

For å bli kvalifisert må kvar leverandør levere ein kvalifikasjonssøknad som skildra under.

5.1 Søknadens struktur

Søknaden om å delta i konkurransen skal følgje strukturen i det vedlagte dokumentet «Kvalifikasjonssøknad».

5.2 Tilbakekalling av søknad

Søknaden kan tilbakekallast eller endrast fram til utløpet av kvalifikasjonsfristens, sjå pkt. 2.5. Tilbakekalling skjer ved å slette søknaden i Leverandørportalen. Endring av søknaden om å delta er å betrakte som ein ny førespurnad.

5.3 Frist for innlevering av kvalifikasjonssøknad

Kvalifikasjonssøknad må vere lasta opp i Leverandørportalen til Vestland fylkeskommune (TendSign) innan kvalifikasjonsfristen angitt i pkt. 2.5.

Fristen for innlevering av kvalifikasjonssøknad er absolutt. Leverandør ber risikoen for feil eller forseinkingar i opplasting av kvalifikasjonssøknad.

5.4 Leveringsmåte

Førespurnaden skal leverast i elektronisk format i leverandørportalen TendSign:

https://tendsign.no/doc.aspx?UniqueId=afrciweqap&GoTo=Tender

Er du ikkje brukar i Tendsign eller har du spørsmål knytte til funksjonalitet i verktøyet, ta kontakt med KGV Support på tlf: 40 00 68 14 eller på e-post til: tendsignsupport@visma.com.

Oppdragsgjevar oppmodar alle leverandørar om å starte registrering og alle innleveringar i god tid før fristen løper ut. Søknad kan sendast fleire gonger og reviderast fram til fristen går ut. Oppdragsgjevar vil berre kunne sjå søknad etter at fristen er gått ut.

6 KVALIFIKASJONSKRAV

6.1 Om ESPD og kvalifikasjonskrav

6.1.1 *Foreløpig dokumentasjon - ESPD*

Leverandør skal fylle ut ESPD-skjemaets del IV. For del IV gjeld følgjande; Kvalifikasjonskrav for å delta i konkurransen går fram av punkt 6.2 og 6.3 under. Dette betyr at leverandøren i ESPD-skjemaet del IV berre treng å krysse av for avsnitt a (lille a).

Ettersom dette er ein konkurranse i to trinn der berre kvalifiserte søkarar vert invitert til å levere tilbod, skal alle søkarar i tillegg til innlevering av ESPD-skjemaets del IV levere den dokumentasjonen som går fram av punkt 6.2 og 6.3 på at kvalifikasjonskrava er oppfylt.

Oppdragsgjevar har rett, men ikkje plikt, til å etterspørre ev. manglande dokumentasjon.

Generell informasjon om eigenerklæringsskjemaet finn du her: https://www.anskaffelser.no/digitalisering/oppdragsgivere/egenerklaeringsskjema-espd

6.1.2 *Bruk av den elektroniske ESPD-tenesta*

ESPD-skjemaet er integrert i oppdragsgjevar sin leverandørportal TendSign, og fyllast ut direkte i portalen.

Dersom tilbyder støtter seg på andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava eller nytter underleverandørar skal det leverast ESPD for desse selskapa. Sjå punkt 6.3.

6.1.3 *Fagleg etikk, korrupsjon/bedrageri mv.*

Dersom anten leverandør, leverandør si leiing eller leverandør sine eigarar er rettskraftig dømt (eller vedtatt forelegg) for korrupsjon, bedrageri, kvitvasking av pengar eller liknande, skal leverandøren opplyse om dette i ESPD – skjemaet. I så fall skal det i søknaden om kvalifikasjon gjerast greie for aktuelle dommer og saksforholdet. Forholda vil bli vurdert i samsvar med avvisingsreglane i anskaffingsforskrifta.

6.1.4 *Om kvalifikasjonskrava*

Leverandør må ha dei naudsynte kvalifikasjonane for å kunna oppfylla kontraktsforpliktelsene på ein fagleg god måte i heile avtaleperioden. Leverandør må derfor

oppfylle krava lista opp under for å kunne vere kvalifisert for deltaking i konkurransen. Det er berre kvalifiserte leverandørar som vert invitert til å levere tilbod.

Leverandør er ansvarleg for å levere all dokumentasjon som blir etterspurt nedanfor som dokumentasjon for dei krav som er stilt. Manglande dokumentasjon eller mangelfulle opplysningar kan føre til at tilbodet vert avvist, jf. FOA § 11-10.

6.2 Kvalifikasjonskrava

6.2.1 *Obligatoriske krav*

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandør skal ha ordna tilhøve med omsyn til *skatte- og avgiftsmessige forhold*	Leverandør skal levere 1. Attest for skatt og merverdiavgift (ikkje eldre enn 6 mnd.) <u>For norske leverandørar:</u> Attest for skatt og merverdiavgift frå skattekontoret via Altinn.no. <u>For utanlandske leverandørar:</u> Utanlandske leverandørar må legge fram tilsvarande attestar frå sine land som viser at dei har ordna skatte- og avgiftsforhold. Dersom styresmaktene i det aktuelle landet ikkje utferder slike attestar, skal leverandøren leggje fram ei erklæring som stadfester at alle skattar og avgifter er blitt betalt. Erklæringa skal vere godkjent og signert av leverandør si økonomidirektør/ økonomiansvarlige. Dokumentasjonen skal vere utforma på norsk eller engelsk.

6.2.2 *Krav til organisatorisk og juridisk stilling*

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandør skal vere eit lovleg etablert føretak.	<u>Norske søkjarar</u>: Dokumentert ved firmaattest frå www.altinn.no Firmaattesten skal ikkje vere eldre enn 6 mnd. <u>Utanlandske søkjarar</u>: Stadfesting på at leverandør er registrert i bransjeregister eller føretaksregister ist. lovgjevinga i det land der leverandøren er etablert. <u>Gruppe av leverandørar</u>: Dersom grupper av leverandørar vurderer å levere tilbod saman, vil det bli stilt krav om at det vert etablert eit juridisk selskap med solidarisk ansvar innan kontraktsignering.

6.2.3 *Krav til økonomisk og finansiell stilling*

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell styrke til å kunne oppfylle kontrakten.	Sjå **Vedlegg A** for meir informasjon om kva oppdragsgjevar vil sjå på ved vurdering av dette kvalifikasjonskravet. <u>Årsrekneskap</u> Tilbydars årsrekneskap inkludert noter med styre- og revisjonsmelding for rekneskapsåra 2024, 2025 og 2026. Dersom årsregnskapet for 2026 ikkje er avslutta eller revisorgodkjent, skal det leverast førebels rekneskap for dei tre første kvartala i 2026. <u>Likviditetsplan</u> Dersom likviditetsgrad 1 (kortsiktige eigedeler delt på kortsiktige forpliktingar) er lågare enn 1 for siste revisor- og styregodkjente årsrekneskap, skal tilbyder skildre korleis likviditeten vil bli sikra gjennom kontraktsperioden. <u>Kredittvurdering</u> Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å sjølv foreta ei kredittvurdering ved hjelp av eit uavhengig kredittvurderingsselskap.

6.2.4 *Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar*

KRAV	DOKUMENTASJONSKRAV

Tilbydar må inneha DOC og ha god kompetanse og erfaring som kontraktspart med offentleg oppdragsgjevar for drift av ein eller fleire hurtiggåande passasjerbåtar, der minimum eitt (1) passasjerfartøy med makspotensiale for fart på 20 knop eller høgare der - fartøyet var/er ISM-sertifisert, og - drifta av fartøyet inngjekk i eit offentleg tilgjengeleg rutetilbod med varigheit på minimum 2 år og drifta innebar minimum 2 daglege avganger 5 dager i veka	Tilbydar skal dokumentere DOC med kopi av relevant dokument. Tilbydar skal dokumentere erfaringa ved å fylle ut vedlegg D for det/dei referanseoppdraget/a tilbydar har gjennomført dei siste 3 åra. Det er ikkje naudsynt at referanseoppdraget/a har vart gjennom dei 3 siste åra. Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å kontakte oppgitte referansar og til å vektlegge vurderinga som vert gitt av kontaktpersonen i samband med evalueringa av tilbydaren sine kvalifikasjonar.

6.3 Ved støtte frå andre verksemder

Leverandør kan støtte seg på andre leverandørar for å oppfylle kvalifikasjonskravet «Krav til økonomisk og finansiell stilling» i punkt 6.2.3 og kvalifikasjonskravet «Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar» i punkt 6.2.4.

Leverandør må i så fall:

- Innlevere dokumentasjon (alle dokumentasjonskrava tilhøyrande aktuelt kvalifikasjonskrav) for at den støttande verksemda oppfyller det/dei kvalifikasjonskrav(a) som verksemda skal oppfylle på vegne av tilbyder

  og

- Innlevere dokumentasjon på at den støttande verksemda oppfyller kvalifikasjonskravet i punkt 6.2.1 (skatteattest) og 6.2.2 (firmaattest)

  og

- Stadfeste at leverandør vil ha rådvelde over dei naudsynte ressursane i kontraktperioden, ved til dømes å leggje fram ei plikterklæring, garanti, samarbeidsavtale eller liknande. **Vedlegg C** «Villigheitserklæring» kan nyttast til dette.

og

- Legge fram dokumentasjon på at vedkommande som har signert villigheitserklæringa frå den støttande verksemda har fullmakt til å forplikte selskapet

og

- Innlevere ESPD-skjema for den støttande verksemda

Dersom leverandør støtter seg på andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell stilling, vert det krevd at verksemda er solidarisk ansvarlege for utføringa av kontrakten, jf. FOA § 16-10 (4).

Dersom leverandøren støtter seg på andre verksemder for å oppfylle krava til faglege kvalifikasjonar eller krava til relevant fagleg erfaring, skal sentrale ressursar frå den støttande verksemda delta i utføring av den delen av Oppdraget som krev slike kvalifiksjonar, jf. FOA § 16-10 (5).

6.3.1 *Utfylling av ESPD ved bruk av støttande verksemd for oppfylling av kvalifikasjonskrav*

Dersom leverandør støtter seg på andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava skal det leverast separat ESPD for desse verksemda.

I innleveringsprosess for tilbod i leverandørportalen TendSign er det eit prosesstrinn der leverandør kan leggje til den støttande verksemda.

I dette trinnet kan du anten:
i) søke opp den støttande verksemda i det eksisterande leverandørregisteret i TendSign og velje kven du vil påkalle kapasitet frå, eller
ii) registrere den støttande verksemda dersom denne ikkje er i registeret frå tidlegare.

Den støttande verksemda skal levere separat ESPD-skjema. Dette kan gjerast på to måtar; anten:

a) Importere ESPD XML-filer som er brukt av den støttande verksemda tidlegare, eller
b) Levere nytt i TendSign.

Dersom ein vel alternativ a) lastar leverandør skjemaet frå støttande verksemd opp saman med tilbodsdokumenta.

Dersom ein vel alternativ b) må leverandør laste ned og skrive ut vedlagte PDF-fil av det kunngjorde ESPD-skjemaet. Den støttande verksemda må deretter fylle ut skjemaet i tråd med instruksen under. Leverandør lastar så opp signert og utfylt PDF-fil frå verksemda saman med tilbodsdokumenta.

6.3.2 *Støttande verksemd si utfylling av ESPD*

Den støttande verksemda skal som nemnd levere separat ESPD-skjema.

For rettleiing til utfylling av dette, sjå ESPD-skjemaet del I, bokstav C («Opplysninger om støtte frå andre virksomheter»), bokstav b. Som nemnd her i bokstav b) må også den støttande verksemda sitt ESPD-skjema være «tilbørlig utfylt og underskrevet av de aktuelle virksomhetene».

Dersom støttande verksemd har behov for ytterlegare plass i fritekstfeltet, kan verksemda leggje ved separat dokument med utfyllande tekst med tydeleg tilvising til det aktuelle punktet. Slikt separat dokument skal lastast opp saman med leverandør sine kvalifikasjonsdokument.

Svarer verksemda «ja», på eit spørsmål kor ønskja eller påkravd svar er «nei», må verksemda svare på dei etterfølgjande spørsmåla.

7 VURDERING AV LEVERANDØRENS KVALIFIKASJONAR

7.1 Gjennomføring av kvalifiseringa

Oppdragsgjevaren vil evaluere innsendte førespurnader om å delta i konkurransen opp mot dei kvalifikasjonskrava som er stilt i pkt. 6. Leverandørar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrav vil bli avvist frå konkurransen og får ikkje moglegheit til å gje tilbod og delta i konkurransen.

7.2 Melding om val av kvalifiserte leverandørar

Alle leverandørar som har levert kvalifikasjonssøknad, vil få skriftleg informasjon om dei er kvalifisert eller ikkje.

Leverandørar som ikkje vert kvalifisert, vil få ei kort grunngjeving for dette.

7.3 Avvising

7.3.1 *Nasjonale avvisningsgrunnar*

Avvisingsreglane i anskaffelsesforskrifta § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisningsgrunnane, gjeld for denne konkurransen. Vi oppmodar leverandørane om å gjere seg kjend med desse.

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunner, seksjon D: «*Andre avvisningsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivingen i oppdragsgiverens medlemsstat*» gjer vi merksame på at dei norske anskaffingsreglane går lenger enn kva som følgjer av avvisingsgrunnane skildra i EUs direktiv om offentlige anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det presiserast derfor at i denne konkurransen gjeld og alle avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskrifta kapittel 24, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande avvisingsgrunnar i anskaffelsesforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne bestemminga er det angitt at oppdragsgjevar kan avvise ein leverandør når han er kjend med at leverandøren er rettskraftig dømd eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte straffbare forholda er eit særnorsk krav.

- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandørens yrkesmessige integritet.

7.3.2 *Sanksjonsforskrifta*

Det presiserast at også at forbodet i sanksjonsforskriften § 8n (forskrift 15. august 2014 nr. 1076 om restriktive tiltak vedrørende handlinger som undergraver eller truer Ukrainas territorielle integritet, suverenitet, uavhengighet og stabilitet) utgjer ein avvisningsgrunn:

> *§ 8n. Forbud mot tildeling av offentlige kontrakter*
> *Det er forbudt å tildele eller forlenge offentlige kontrakter eller konsesjonskontrakter som hører inn under virkeområdet for direktivene om offentlige innkjøp, samt artikkel 10 nr. 5 1, nr. 3, nr. 6 bokstav a–e, nr. 8, 9 og 10, artikkel 11, 12, 13 og 14 i direktiv 2014/23/EU, artikkel 7 og 8, artikkel 10 bokstav b–f og h–j i direktiv 2014/24/EU, artikkel 18, artikkel 21 bokstav b–e og g–i, artikkel 29 og 30 i direktiv 2014/25/EU og artikkel 13 bokstav a–d, f–h og j i direktiv 2009/81/EF, til eller med*
> a. *russiske statsborgere eller fysiske eller juridiske personer, etablert i Russland,*
> b. *juridiske personer, hvis eiendomsrettigheter direkte eller indirekte er mer enn 50 % eid av en enhet omtalt i bokstav a i dette leddet, eller*
> c. *juridiske personer, som handler på vegne av eller på instruks fra en enhet nevnt i bokstav a eller b i dette leddet, også dersom de står for mer enn 10 % av kontraktsverdien, underleverandører, leverandører eller enheter hvis kapasitet utnyttes i henhold til direktivene om offentlige innkjøp.*

Oppdragsgjevar føreset at tilbydar set seg inn i sanksjonslovgivninga og dei endringar som til einkvar tid skulle bli vedteke, og tek omsyn til gjeldande sanksjonslovgivning ved utarbeiding av førespurnad om deltaking, utarbeiding av tilbod og ved gjennomføring av kontrakt. Tilbydar skal ved innlevering av kvalifikasjonssøknad og tilbod stadfeste at tilbydar har satt seg inn i dei nemnde reglane og at verken søkjer eller nokon i søkjars underleverandørkjeder støtter opp under russisk okkupasjonsmakt eller russiske invasjonsaktiviteter. Stadfesting skjer ved å krysse av for dette i kvalifikasjonssøknaden og tilbodsbrevet.

Dersom tilbydar mottek tilbod frå eller har kontrakt med leverandørar som støtter russiske kamphandlinger eller russiske føretak, skal det i kvalifikasjonssøknaden og tilbodsbrevet gis ei skildring av kva aktsomheitsvurderinger tilbyder har gjort, samt konklusjonen på disse aktsomhetsvurderingane.

Tilbydarane må også pårekne at oppdragsgjevar vil be underleverandørar som vert engasjert etter eventuell kontraktsinngåing om å stadfeste at dei overheld sanksjonslovgivinga. Vidare må tilbydar pårekne at oppdragsgjevar vil kunne be om dokumentasjon på kven som er reelle rettigheitshavarar i underleverandører som engasjerast etter kontraktsinngåing.

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avvise tilbydarar på dette grunnlag både basert på innlevert kvalifikasjonssøknad.

7.3.3 *Handel som bidreg til å opprettholde dei folkerettsstridige israelske bosetningene*

Oppdragsgjevar ønskjer ikkje å inngå avtale med selskaper som driver handel og næringsverksemd som bidreg til å opprettholde dei folkerettsstridige israelske bosetnadane. Dette gjeld også for eventuelle underleverandører for tilbydar. Handel eller næringsaktivitet i strid med dette vert rekna som brot på gjeldande menneskerettar og dermed Oppdragsgjevars handlingsreglar skildra i Kontraktens Vedlegg 1.B -1. Slike brot vil føre til avvising frå konkurransen.

Tilbydar skal ved innlevering av kvalifikasjonssøknad og tilbod stadfeste at slike brot ikkje vil skje. Stadfesting skjer ved å krysse av for dette i kvalifikasjonssøknaden og tilbodsbrevet.

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avvise tilbydarar på dette grunnlag både basert på innlevert kvalifikasjonssøknad.

7.4 Frist for begjæring av midlertidig forføyning

Ønsker leverandøren å begjære midlertidig forføyning mot mot ein eventuell avvisning av leverandøren eller forkastelse av førespurnaden om deltaking i konkurransen, må det skje innan 15 dagar, jf. FOA § 20-7.

8 KRAV TIL TILBODET

Når kvalifikasjonssøknadane er vurdert vil kvalifiserte Leverandørar bli invitert til å levere tilbod innan angitt frist i pkt. 2.5.

8.1 Tilbodsstruktur

Tilbodet skal strukturerast og innehalde dokumentasjon slik det går fram av mal for Tilbodsbrev vedlagt dette konkurransegrunnlaget.

8.2 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er angitt i pkt. 2.5.

8.3 Alternative tilbod

Det er ikkje høve til å gi alternative eller parallelle tilbod.

8.4 Språk

Tilbodet skal vere utforma på norsk. Språkkravet gjeld med unnatak av eventuelle tekniske spesifikasjonar eller liknande som må innleverast på engelsk eller øvrige skandinaviske språk.

8.5 Tilbodslevering

Tilbodet skal leverast i elektronisk format i leverandørportalen TendSign:

https://tendsign.no/doc.aspx?UniqueId=afrciweqap&GoTo=Tender

Tilbodet må vere lasta opp i Leverandørportalen innan tilbodsfristen angitt i pkt. 2.5. Fristen for innlevering av tilbodet er absolutt. Tilbod som vert levert etter fristen vil ikkje bli vurdert i konkurransen. Tilbydar ber risikoen for feil eller forseinkingar i innlevering av tilbod.

Oppdragsgjevar anbefaler tilbydarane å starte opplasting av dokumenter i god tid før fristen. Tilbod kan reviderast fram til fristen går ut. Oppdragsgjevar vil berre kunne sjå tilbod etter at fristen er gått ut.

8.6 Tilbakekalling av tilbod

Eit tilbod kan tilbakekallast eller endrast inntil tilbodsfristens utløp. Tilbakekalling skjer ved å slette tilbodet i Leverandørportalen. Endring av tilbodet er å betrakte som eit nytt tilbod.

8.7 Atterhald og endringar

Vesentlege atterhald og avvik til konkurransedokumenta vil kunne føre til avvising av tilbodet. Atterhald og avvik skal angis presist og eintydig slik at Oppdragsgjevar kan evaluere tilbodet utan å ta kontakt med leverandøren. Atterhald og endringar skal på ein klar og utvetydig måte referere til relevante vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget, og skal oppgjevast i B**ilag B.**

8.8 Avvising

Regler om avvising av tilbod følgjer hovudsakeleg av anskaffingsforskrifta kapittel 24.

Ein gjer merksam på at eitt eller fleire avvik frå krav formulert i konkurransegrunnlaget med bruk av «skal» eller «må» eller liknande uttrykk, ikkje automatisk vert vurdert som vesentleg. Dette vil inngå i ei heilskapleg vurdering av avviket.

Som skildra i punkt 7.3.2 følgjer det sikkerhetsforskrifta § 8n at offentlege oppdragsgjevararar ikkje skal inngå kontrakter med selskap med tilknytning til Russland. Oppdragsgjevar ber difor tilbydarar innrette sine tilbod slik at dei ikkje støtter opp under russisk okkupasjonsmakt eller russiske invasjonsaktivitetar. Ei slik støtte vil kunne føre til avvising i konkurransen.

Tilbydar skal ved innlevering av tilbod stadfeste at tilbydar har satt seg inn i dei nemnde reglane og at verken søkjer eller nokon i søkjars underleverandørkjeder støtter opp under russisk okkupasjonsmakt eller russiske invasjonsaktiviteter. Stadfesting skjer ved å krysse av for dette i tilbodsbrevet. Dersom tilbydar mottek tilbod frå eller har kontrakt med leverandørar som støtter russiske kamphandlinger eller russiske føretak, skal det i kvalifikasjonssøknaden/tilbodsbrevet gis ei skildring av kva aktsomheitsvurderinger tilbyder har gjort, samt konklusjonen på disse aktsomhetsvurderingane. Tilbydar må pårekne at oppdragsgjevar vil be om stadfesting og dokumentasjon på at sanksjonslovgivinga vert overholdt. Vidare må tilbydar pårekne at oppdragsgjevar vil kunne be om dokumentasjon på kven som er reelle rettigheitshavarar til tilbydars underleverandørar.

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avvise tilbydarar på dette grunnlag både basert på innlevert kvalifikasjonssøknad og innlevert tilbod.

Vidare går det frå av punkt 7.3.3 at oppdragsgjevar ikkje vil ha samarbeid med selskap som driv handel og næringsverksemd som bidreg til å oppretthalde dei folkerettsstridige israelske bosetnadane. Tilbydar skal ved innlevering av tilbod stadfeste at tilbydar har satt seg inn i dei nemnde reglane og at verken søkjer eller nokon i underleverandørkjeden driv slik handel.

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avvise tilbydarar på dette grunnlag både basert på innlevert kvalifikasjonssøknad og innlevert tilbod.

9 TILDELINGSKRITERIUM OG EVALUERING

9.1 Tildelingskriterium

Oppdragsgjevar vil tildele kontrakt til den tilbydaren som leverer tilbodet med lågast tilbydde evalueringssum. Det er summen i Vedlegg 7A Prisskjema ark «Total» celle AU71 «Samlet evalueringspris for hele kontraktsperioden» som danner grunnlag for denne evalueringa. Tilbydar skal i sitt tilbod levere inn fullstendig utfylt prisskjema der arket «Total» og ark «Nett- og infrastruktur» er utfylt.

Prisskjema inneheld avtalte vederlag for Kontrakten, avtalte einingsprisar for kontraktsperioden, illustrerar prisregulering ved hjelp av ein simulert framtidig indeksutvikling, skildrar korleis Oppdragsgjevars støtte frå Klimasats påverkar vederlaget og utbetalinga, samt berekning av Tilbydars evalueringspris som inngår i tilbodsevalueringa.

For informasjon om kva deler av Prisskjema som vert lagt til grunn for utbetaling av årleg vederlag og eingongskompensasjon, sjå Kontrakten kap 7.

9.2 Utfylling av Prisskjema

Rettleiing for korleis Prisskjema skal utfyllast ligg i Vedlegg 7A prisskjema ark «Veiledning». Oppdragsgjevar oppmodar om å sette seg godt inn i Kontraktens kapittel 7.

9.3 Forhandlingar

Eventuelle forhandlingar vil bli gjennomført i samsvar med reglane i Anskaffelsesforskrifta §§ § 23-7 og § 23-10.

Oppdragsgjevar kan velje å gjennomføre forhandlingar i fleire fasar der ein reduserar talet på tilbod mellom kvar av fasane. Slik reduksjon vil eventuelt skje på grunnlag av tildelingskriteriene, jf. anskaffelsesforskriften § 23-11.

Tilbydere vil etter forhandlingane få moglegheit til å forbetre tilbode evalueringspris ved levering av eit revidert tilbod.

Etter at forhandlingane er avslutta vil oppdragsgjevar legge tilbod med eventuelle endringar frå forhandlingsfasen til grunn for si vurdering og val av leverandør.

10 AVSLUTNING AV KONKURRANSEN

10.1 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, jf. anskaffingsforskrifta § 25-4. Sjå punkt 3.12 knytt til kostnadrame.

10.2 Melding om val av leverandør og karensperiode

Oppdragsgjevar informerer alle berørte leverandørar skriftleg og samtidig om kven oppdragsgjevaren har til hensikt å tildele kontrakt så snart val av leverandør er gjort.

Meddelinga vil innehalde ei grunngjeving for valet og angje karensperioden frå tildelinga vert gjort kjend til kontraktsignering er planlagt gjennomført (kontraktsinngåinga).

Dersom oppdragsgjevaren finn at tildelingsavgjerda ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan avgjerda annullerast fram til kontrakt er inngått.

10.3 Før kontraktssignering

Før kontrakt vert signert skal vinnande tilbydar gjere tilgjengelig opplysninger eller framvise attest for skatt og meirverdiavgift, jf. anskaffelsesloven § 5l. Dokumentasjonen skal ikke vere eldre enn seks månader regnet frå meddeling om kontraktstildeling.